

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.03.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet er positivt til arbeidet som er gjort med revisjon av regionalt miljøprogram og måten fylkeskommunen har vore involvert i arbeidet.
2. Fylkesutvalet ber om at det vert opna for tilskot til skjøtsel av steingardar og bakkemurar
3. Fylkesutvalet vil kommentera at dersom tilskot til § 13 *Drift av støl* skal få positive ringverknader for kulturlandskapet må stølsdrifta skje gjennom beite.
4. Fylkesutvalet ber om at ordlyden i §14 i forskrifta vert endra slik at det vert tydeleggjort at
 - a) Det skal gjerast skjøtsel av både sjøve kulturminnet og sikringssona
 - b) Skjøtsel skal gjerast i tråd med gjeldande skjøtelsråd
5. Fylkesutvalet ber om at følgande punkt vert lagt til i skjøtelsråda for automatisk freda kulturminne i «Regionalt miljøprogram for Vestland 2019-2022» kap 4.5.2:

Kulturminnemynda kan stilla vilkår om skjøtelsplan etter kulturminnelova dersom dette er vurdert som naudsynt for å sikra at skjøtsel ikkje vil skada kulturminneverdiane.
6. Fylkesutvalet ber om at regional kulturminnemynde vert involvert i arbeidet med utforminga av rettleiar og formidling av RMP til brukarar, for å sikra at informasjon om skjøtelsråd for § 14 vert gjort kjent for søkjar før arbeidet vert gjennomført.
7. Fylkesutvalet ber om at Askeladden-ID vert inkludert i søknadsskjema for å sikra at kulturminnevernet sine ansvarsområde vert ivareteke ved tildeling av tilskot.